



DET KONGELEGE  
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

# Prop. 81 S

(2013–2014)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Utbygging og finansiering av rv 13 ved Joberget i Hordaland gjennom utviding av Vossapakko

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet 25. april 2014,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Solberg)*

### 1 Innleiing

Samferdselsdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om delvis bompengefinansiering av prosjektet rv 13 Joberget i Granvin kommune gjennom utviding av Vossapakko.

Gjennom behandlinga av St.prp. nr. 61 (2008–2009) slutta Stortinget seg til eit opplegg for delvis bompengefinansiering av Vossapakko. Vossapakko omfattar prosjekta Øvre Granvin – Voss grense og Mønshaug – Palmafoss på rv 13 og omlegging av E16 utanom Voss sentrum. Prosjekta på rv 13 blei opna for trafikk i desember 2011, medan ny E16 utanom Voss sentrum blei opna for trafikk i desember 2013. I tillegg inngår ombygging av kryss på E16 ved Stanghelle som vil bli ferdigstilt i 2014. Miljømessig opprusting av eksisterande E16 i Voss sentrum er planlagt gjennomført i 2014–2015. Finansieringa av Vossapakko er basert på bompengar og statlege midlar.

Bomstasjonsopplegget omfattar ein bomstasjon på rv 13 nær kommunegrensa mellom Granvin og Voss og ein bomstasjon på E16 vest for Bolstadtunnelen i Voss kommune, jf. Prop. 1 S (2010–2011), side 99–100.

I den opphavlege reguleringsplanen for prosjektet rv 13 Øvre Granvin – Voss grense var det ved Øvre Vassenden i Granvin kommune lagt inn ein miljøtunnel på om lag 0,4 km. Kostnadene var kalkulerte til om lag 40 mill. kr. På ei strekning

rett aust for den planlagde miljøtunnelen var nedfallet av stein aukande. I St.prp. nr. 61 (2008–2009) blei det lagt til grunn at dersom det etter vidare planlegging blei lokalpolitisk tilslutning til å erstatte miljøtunnelen med ein lengre tunnel som sikrar mot skred aust for Øvre Vassenden, må dette behandlast som eiga sak. Fylkeskommunen og kommunane Granvin og Voss har seinare slutta seg til at miljøtunnelen blir erstatta med eit prosjekt som m.a. omfattar ein lang tunnel ved Joberget, og det er lokalpolitisk tilslutning til delfinansiering av prosjektet med bompengar gjennom utviding av Vossapakko.

Finansieringa av prosjektet er basert på statlege midlar og bompengar. Det er lagt opp til anleggsstart hausten 2014, og prosjektet er venta opna for trafikk i 2016.

Prosjektet rv 13 Joberget er omtalt i Meld. St. 26 (2012–2013) Nasjonal transportplan 2014–2023, side 286.

### 2 Dagens situasjon og omtale av utbygginga

Rv 13 gjennom Øvre Vassenden har i dag svært dårleg standard. Breidda på vegen er mindre enn 5 m. Etter at prosjektet Øvre Granvin – Voss grense blei opna for trafikk, endar nyvegen i ei 90-graders kurve ut på den dårlege vegen. Dette



Figur 2.1 Kart som viser prosjektet rv 13 Joberget

fører til mange trafikkfarlege situasjonar. I tillegg er det støy og luftforureining for dei som bur i området. Mellom Øvre Vassenden og Holven har vegen to kørefelt med vegbreidde på til saman 6,5 m. På den eine sida av vegen går fjellsida bratt

opp til ei høgde på 300–400 meter. På den andre sida av vegen ligg Granvinvatnet.

Innslaga for tunnelen er ved Øvre Vassenden og like før avkøyrsla til fv 572 på Holven. Prosjektet har ei samla lengd på 4,6 km, der tunnelen

utgjør om lag 2 km. Fv 572 blir lagt om i ei lengd på 290 m. Det vil bli etablert to kryss; eitt for kopling til lokalvegnettet ved Øvre Vassenden og eitt for kopling til fv 572 ved Holven. Reguleringsplanen for prosjektet blei godkjent av Granvin heradsstyre i desember 2011. Det ligg også føre planar for bruk og deponering av overskotsmassar.

Prosjektet vil føre til utbetring av flaskehalsen ved Øvre Vassenden og sikring av den skredutsatte strekninga mellom Øvre Vassenden og avkøyrsla til Ulvik. Prosjektet har høg prioritet i den regionale skredsikringsplanen som var ein del av grunnlaget for prioriteringa i Nasjonal transportplan 2014–2023. Dei ti siste åra er det registrert 24 skred på den aktuelle strekninga, i all hovudsak nedfall av stein.

Kart over alle prosjekta i Vossapakko framgår av St.prp. nr. 61 (2008–2009), side 2. Kart over prosjektet rv 13 Joberget er vist på figur 2.1.

Styringsramma for rv 13 Joberget er fastsett til 349 mill. 2013-kr og kostnadsramma til 384 mill. 2013-kr. Omrekna til 2014-prisnivå er styringsramma 357 mill. kr og kostnadsramma 393 mill. kr. Styringsramma og kostnadsramma er inkl. auka meirverdiavgift som følgje av opphevinga av vegfritaket frå 1. januar 2013.

Samfunnsøkonomisk netto nytte (NN) er rekna til om lag –410 mill. kr. Netto nytte over totale kostnader (NN/K) er rekna til –1,4.

### 3 Lokalpolitisk behandling

Bompengesøknad med forslag til finansieringsopplegg for prosjektet rv 13 Joberget er lokalpolitisk behandla. Før den lokalpolitiske behandlinga blei det avklart med Samferdselsdepartementet at det kunne leggjast til grunn eit finansieringsopplegg kor den statlege delen utgjør 60 pst. (ekskl. kompensasjon for auka meirverdiavgift). Dette opplegget var basert på at prosjektet rv 13 Joberget kunne finansierast innanfor Vossapakko utan takstauke (ut over ordinær prisstigning) og utan å auke innkrevjingsperioden ut over 15 år.

Granvin heradsstyre behandla saka i møte 12. juni 2013 og fatta følgjande vedtak:

«Granvin Herad tilrår delvis bompengefinansiering av Jobergtunnelen innanfor Vossapakko.»

Voss kommunestyre behandla saka i møte 20. juni 2013 og fatta følgjande vedtak:

«Voss kommune vil tilrå søknaden frå Voss og omland bompengeselskap AS om bompengefinansiering av Jobergtunnelen innanfor Vossapakko.»

Vaksdal kommunestyre behandla saka i møte 30. september 2013 og fatta følgjande vedtak:

«Vaksdal kommunestyre vil tilrå søknaden frå Voss og omland bompengeselskap AS om bompengefinansiering av Jobergtunnelen i Granvin, innanfor Vossapakko.»

Vik formannskap behandla saka i møte 29. august 2013 og fatta følgjande vedtak:

«Vik kommune vil tilrå søknaden frå Voss og omland bompengeselskap AS om bompengefinansiering av Jobergtunnelen innanfor Vossapakko.»

Hordaland fylkesting behandla saka 15. oktober 2013 og fatta følgjande vedtak:

«Fylkestinget sluttar seg til bompengesøknaden frå Voss og omland bompengeselskap AS om utviding av Vossapakko med prosjektet Rv 13 Jobergtunnelen, i samsvar med vedtak i kommunane Voss, Vik, Vaksdal og Granvin.»

## 4 Finansieringsopplegg

Finansieringsplanen omfattar statlege midlar og bompengar.

### Statlege midlar

For å kunne gjennomføre prosjektet rv 13 Joberget innanfor den opphavlege bompengeperioden på 15 år, blei det i grunnlaget til Meld. St. 26 (2012–2013) Nasjonal transportplan 2014–2023 lagt til grunn 276 mill. kr i statlege midlar til prosjektet, medrekna kompensasjon for auka meirverdiavgift. Dette var basert på ei styringsramme på 430 mill. kr, omrekna til 2014-prisnivå. Oppdaterte vurderingar gir ei redusert styringsramme på 357 mill. kr, og Samferdselsdepartementet legg til grunn 228 mill. kr i statlege midlar, medrekna kompensasjon for meirverdiavgift. Dette inneber eit finansieringsopplegg der den statlege delen utgjør 60 pst. ekskl. kompensasjon for auka meirverdiavgift, i tråd med det som blei lagt til grunn ved den lokalpolitiske behandlinga. Medrekna kompensasjon for auka meirverdiavgift er utbyg-

ginga ved Joberget føresett finansiert med 64 pst. statlege midlar og 36 pst. bompengar. Det er lagt opp til å løyve midlane i første fireårsperiode (2014–2017).

#### *Bompengar og bompengoopplegg*

Det er lagt opp til at prosjektet blir delfinansiert med bompengar gjennom utviding av Vossapakko. Det er lagt til grunn at dagens takst- og rabattsystem blir vidareført. Takstane blei prisregulerte frå 1. juli 2013 og er no 43 kr for lette køyretøy (tillatt totalvekt t.o.m. 3 500 kg) og 86 kr for tunge køyretøy (tillatt totalvekt over 3 500 kg). Ved forskotsbetaling er det mogleg å oppnå rabattar på 30 – 50 pst. Det er innført timesregel. Dette inneber at trafikk som passerer begge bomstasjonane i løpet av ein time, berre betaler ein gong. Regelen gjeld òg ved passering av same bomstasjon i løpet av ein time. Det er føresett at takstane blir justerte i samsvar med prisutviklinga.

Innkrevjinga av bompengar starta opp i desember 2010. I 2013 var årsdøgntrafikken (ÅDT) gjennom dei to bomstasjonane om lag 6 370 køyretøy. I St.prp. nr. 61 (2008–2009) var det lagt til grunn ein årsdøgntrafikk i 2008 på 5 040 køyretøy og ein årleg vekst i trafikken på 1 pst. Dette ville gje ein årsdøgntrafikk i 2013 på om lag 5 300 køyretøy. Trafikken i 2013 var dermed om lag 20 pst. høgare enn lagt til grunn i St.prp. nr. 61 (2008–2009). Trafikkveksten var 2,9 pst. frå 2011 til 2012 og 3,8 pst. frå 2012 til 2013. I denne proposisjonen er det framleis lagt til grunn ein årleg trafikkvekst på 1 pst.

Brutto bompengeinntekter i 2012 var om lag 75 mill. Gjennomsnittleg inntekt pr. passering var 34,40 kr med takstar på 40 kr for lette køyretøy og 80 kr for tunge kjøretøy. I 2012 hadde 74 pst. av køyretøya brikke.

#### *Forslag til utbyggings- og finansieringsplan*

Det er rekna med at prosjektet vil bli finansiert innanfor bompengeperioden for Vossapakko på 15 år, dvs. at prosjektet vil vere nedbetalt i løpet av 2025. Det er då lagt til grunn at kostnadene ved den opphavlege Vossapakko aukar opp til kostnadsramma. Sidan utbygginga ikkje er ferdigstilt, ligg ikkje endeleg sluttkostnad føre.

Det er venta eit forbruk på om lag 40 mill. kr i 2014. Midlane er føresett stilt til disposisjon av bompengeselskapet.

Eventuelle kostnadsoverskridingar ut over prisstigning skal dekkjast i samsvar med gjeldande retningslinjer for bompengeprosjekt. Dette

inneber at ev. kostnadsauke opp til kostnadsramma skal dekkjast med statlege midlar og bompengar etter same prosentvise fordeling som innanfor styringsramma. Eventuelle kostnadsoverskridingar ut over kostnadsramma er staten sitt ansvar og blir dekt med statlege midlar.

Dersom kostnadene blir lågare enn føresett, skal innsparingar på inntil 10 pst. fordelast mellom staten og bompengeselskapet etter same prosentvise fordeling som innanfor styringsramma. Innsparingar på meir enn 10 pst. tilkjem staten.

Dersom økonomien til bompengeselskapet blir dårlegare enn rekna med, kan bompengeselskapet etter avtale med Statens vegvesen forlenge innkrevjingstida for Vossapakko med inntil 5 år og/eller auke realtakstane med inntil 20 pst.

Bompengeselskapet har bunde renta på store delar av bompengelånet. Det er derfor lagt til grunn ei vekta lånerente på 5,5 pst. i perioden 2014–2022, basert på at delar av lånet har fastrente fram til 2022. For den delen av lånet som ikkje har fastrente, er det lagt til grunn 6,5 pst. rente. Etter 2022 er det lagt til grunn 6,5 pst. rente på heile restlånet.

Elles er følgjande basisføresetnader lagt til grunn for finansieringsplanen:

- Årleg prisstigning: 2,5 pst.
- Innskotsrente: 2,5 pst.
- Gjennomsnittleg inntekt pr. passering: 35 kr
- Årlege kostnader til innkrevjing og drift av bompengeselskapet: 10 mill. kr

Det er lagt til grunn samla bompengeinntekter for den reviderte Vossapakko på om lag 1 310 mill. 2014-kr for heile bompengeperioden på 15 år. Om lag 830 mill. kr er føresett nytta til å dekkje delar av investeringskostnadene, om lag 330 mill. kr til å dekkje lånerenter og om lag 150 mill. kr til å dekkje innkrevjingskostnader og kostnader til drift av bompengeselskapet.

Det er òg rekna på eit pessimistisk alternativ med desse endra føresetnadene:

- Utbyggingskostnadene for prosjektet Joberget aukar opp til kostnadsramma og bompengeselskapet dekkjer sin del av kostnadsaukane
- Ingen årleg trafikkvekst
- Innkrevjingskostnadene aukar med 20 pst.

Med desse føresetnadene er innkrevjingsperioden rekna til om lag 16,5 år.

#### *Garantiar*

Gjennom vedtak av 9. juni 2009 stilte fylkeskommunen sjølvskuldargaranti for eit bompengelån

på inntil 780 mill. kr. Garantien gjeld i inntil 20 år og vil dekkje det bompengelånet som er lagt til grunn i denne proposisjonen. Garantisten sitt utlegg kan dekkjast gjennom ein auke av realtakstane med inntil 20 pst. og ei forlenging av bompengerperioden med inntil 5 år.

## 5 Samferdselsdepartementet si vurdering

---

Samferdselsdepartementet viser til at prosjektet rv 13 Joberget er prioritert i Meld. St. 26 (2012–2013) Nasjonal transportplan 2014–2023. Prosjektet er eit skredsikringsprosjekt som òg gir trafikk-sikring og betre miljø ved Øvre Vassenden. Det er lokalpolitisk tilslutning til finansieringsopplegget som inneber at prosjektet Joberget kan delfinansierast innanfor Vossapakko. Finansieringsopplegget er robust ved endringar i føresetnadene. Samferdselsdepartementet tilrår opplegget.

---

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om utbygging og finansiering av rv 13 ved Joberget i Hordaland gjennom utviding av Vossapakko i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## 6 Avtale

---

Etter at Stortinget har fatta vedtak om delvis bompengefinansiering av prosjektet rv 13 Joberget gjennom utviding av Vossapakko, vil Statens vegvesen Vegdirektoratet inngå tilleggsavtale med bompengeselskapet i tråd med dei vilkåra som er lagt til grunn i denne proposisjonen.

Samferdselsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om utbygging og finansiering av rv 13 ved Joberget i Hordaland gjennom utviding av Vossapakko.

## Forslag

### til vedtak om utbygging og finansiering av rv 13 ved Joberget i Hordaland gjennom utviding av Vossapakko

#### I

Stortinget samtykkjer i at bompengeselskapet får løyve til å krevje inn bompengar til delvis bompengefinansiering av rv 13 ved Joberget i Hordaland. Vilkåra går fram av denne proposisjonen.

#### II

Samferdselsdepartementet får fullmakt til å inngå tilleggsavtale med bompengeselskapet og fastsetje nærare reglar for finansieringsordninga.





